

## Høyringsfråsegn til endringar i lov om folkebibliotek

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden ynskjer å sende ei felles fråsegn til endringar i lov om folkebibliotek. Biblioteka i kommunane har eit nært og godt samarbeid og arbeidar kontinuerleg med å skape felles gode løysingar i folkebiblioteka i kommunane.

I hovudsak er me positive til endringane Departementet føreslår. Me tykkjer det høver seg godt å utvide formålsparagrafen slik at den tar med å drive aktiv formidling og å vere ein møtestad.

I fjerde paragraf tek Departementet vekk dei statlege veiledane retningslinene for bibliotekdrift som ligg til grunn for kommunane si utforming av biblioteka sine regelement. Me meiner statlege retningsliner i form av eit minstekrav til utforming av tenestene bør vere i lova slik at ein som brukar er sikra å kunne få dei same tenestene uansett kor ein bur i landet. Vårt forslag er at lovlyden om regelement blir ståande.

Kommunane stør alternativ 1 «Kompetanse» i forslaget om endring av paragraf 5.

I våre kommunar har me gode erfaringar med samarbeid med skulebiblioteka, det gode samarbeidet stør seg på paragraf 6 i lova som seier at det skal vere eit organisert samarbeid mellom skulebibliotek og folkebibliotek. Me meiner det vil vere å ta eit stort steg bakover å fjerne paragraf 6, då det er retningslinene i denne som er fundamentet og gjer minstekrav til samarbeid mellom institusjonane. Vårt forslag er at lovlyden om samarbeid med skular blir ståande.

Vårt forslag til paragraf 9:

Fylkeskommunen skal ivareta regionale bibliotekoppgåver og regional bibliotekutvikling, herunder gi råd til lokale myndigheter, yte bibliotekfaglig rettleiing og assistanse, og arrangere møter og kurs om bibliotekspørsmål. Fylkeskommunen kan opprette avtaler om felles bibliotekdrift og lånesamarbeid med ein eller fleire kommunar og skal ha ansvaret for å samordna fjernlånsverksemda i fylket. Fylkeskommunen har ansvar for bibliotekfagleg rettleiing av dei vidaregåande skulane i fylket.

Biblioteka i Vest

Bente Fosse

biblioteksjef